

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		24.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

---

Søknad frå HAFS Regionråd om etablering av UNESCO Geopark. Brei verdiskaping på kulturmiljøområdet

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at regionalparkane i Vestland som er etablerte eller er under etablering, er gode regionale utviklingstiltak. Vestland fylkeskommunen er ein medspelar på denne typen verdiskaping, og vil stø initiativ i kommunar og lokalsamfunn.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen vurdere satsing for å sikre brei verdiskaping på kulturmiljøområdet, og som også er retta mot utviklingstiltak i regionalparkane. Evt nye ordningar skal forvaltast av Hovudutval for kultur, idrett og integrering.
3. Økonomiske behov vert å sjå i samanheng med budsjettet for 2022.
4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å legge fram forslag til retningslinjer og innretting av ei eventuell tilskotsordning.
5. Fylkesutvalet avslår søknaden frå HAFS regionråd om støtte til geopark i 2020.

### Samandrag

HAFS Regionråd (kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Gulen og Solund) har i søknad datert 07.11.2019 søkt Vestland fylkeskommune om støtte til utviklingsprosjektet UNESCO Geopark for 2020. Søknaden vert her sett i samanheng med arbeidet med andre regionalparkar i Vestland.

Ingen andre fylke har så mange regionalparkar som Vestland. Fylkesrådmannen vurderer at dette er gode regionale utviklingstiltak, og der fylkeskommunen bør ha ei rolle som medspelar med kommunar og lokalsamfunn. Det er difor trøng for å byggje opp kompetanse og utvikle verkemidlar som kjem parkane sine behov i møte. Økonomiske verknader vert å sjå i samanheng med budsjett for 2022.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkessjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

HAFS Regionråd (kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Gulen og Solund) har i brev dagsett 07.11.2019 søkt Vestland fylkeskommune om støtte til utviklingsprosjektet UNESCO Geopark for 2020. Prosjektet vart starta opp i 2018, og vil venteleg vere avslutta i 2025 med UNESCO - godkjenning. Prosjektet er faseinndelt, og hovudsiktepunktet for 2020 er igangsetting av arbeid for å smelte saman UNESCO Geopark-prosjektet og Sognefjorden Kystpark og utarbeide detaljert plan for eit 3-årig hovudprosjekt. HAFS regionråd søker om kr 500.000 for 2020.

Samstundes er det fleire andre initiativ i kommunane som har fellestrekke med prosjektet i HAFS, mellom anna Biosfæreprosjektet i Nordhordland, Geopark Sunnhordland, og Nærøyfjorden Verdsarvpark. Alle desse kan sjåast som regionalparkar.

Fylkesrådmannen legg fram saka slik at ein kan ta politisk stilling til spørsmålet om korleis Vestland fylkeskommune skal ta del i denne typen utviklingsarbeid i kommunane og til søknaden frå HAFS-kommunane.

### 1. Om regionalparkar

#### Kva er ein regionalpark?

Ein regionalpark vert etablert innanfor ein avgrensa geografi. Ivaretaking av regionen sitt landskap, kulturarv og identitet står sentralt. Arbeidet skal gjerast gjennom berekraftig samfunnsutvikling, og byggjer på eit nedanifrå-og-opp perspektiv, der lokalt engasjement er den sentrale drivkrafa.

Regionalparkane bygger sitt arbeid på pilarane ivaretaking, utvikling og samarbeid. Målet er å sikre berekraftig utvikling basert på regionen sine natur- og kulturressursar, etablere samarbeidsplattformer for offentlege, private og næringsaktørar, jobbe «bottom-up» med brei forankring og involvering og styrke den lokale/regionale identiteten («vår region, vår park»). Parkane utløyer på denne måten frivilligheit og sosial verdiskaping gjennom partnarskap, samhandling og medverknad.

Døme på oppgåver som vert utført av regionalparkane er landskapsskjøtsel for å hindre attgroing og tap av naturmangfold, bevaring av kulturlandskap, tradisjonshandverk og verneverdige bygg, miljø- og friluftsprosjekt, formidlings- og tilretteleggingstiltak, samt utvikling av opplevingspakkar for reiselivet.

På Norske Parker si heimeside, står det:

«Parkene vil i sin struktur og virksomhet söke å være lokalt og regionalt forankret. Lag og organisasjoner, det offentlige og næringslivet skal söke et forpliktende og langsiktig samarbeid med utgangspunkt i en parkavtale/charter. Parkene vil øke lokalsamfunnets verdsetting og ivaretaking av natur- og kulturverdier, slik at disse bidrar til bred verdiskaping. Formidling, engasjement og deltakelse står sentralt i denne prosessen. Parkene har en bred og bærekraftig tilnærming til verdiskaping. Med forankring i den Europeiske landskapskonvensjonen vil parkene fremme: Økonomisk verdiskaping gjennom en bærekraftig foredling av lokale ressurser og en styrking av lokale produkter og tjenester».

#### Regionalparkar i Vestland

##### Sognefjorden Kystpark

Parken er etablert som regionalpark og er tilslutta paraplyorganisasjonen Norske Parkar. Parken har som føremål å «koordinere og utvikle eit langsiktig samarbeid for å ivareta, skape verdiar av, og formidle dei særegne natur- og kulturverdiar som regionen rundt Ytre Sognefjorden har». Sognefjorden Kystpark omfattar kommunane Solund og Hyllestad.

Sognefjorden Kystpark er utpeikt som norsk kandidat til Europarådets landskapspris 2020-2021. Ifølge Regjeringa.no, uttaler Nikolai Astrup, kommunal- og moderniseringsminister (H):

«Sognefjorden Kystpark bidrar til å ta vare på viktige natur- og kulturverdier i Ytre Sognefjorden. Parken er drevet av mange lokale ildsjeler, og er en flott kandidat til Europarådets landskapspris.»

I løpet av året skal Sognefjorden Kystpark fusjonerast med HAFS-regionen sitt UNESCO Geopark-initiativ og på eit seinare tidspunkt søkje medlemskap i UNESCO Global Geopark Network. Sognefjorden Kystpark og Geoparken i HAFS-regionen vil samla sett omfatta kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Gulen og Solund, samt delar av Gauldal og vestlege delar av Høyanger.

#### Sunnhordland Geopark

Parken har status som Norsk Geopark. Ein Norsk Geopark er eit avgrensa, klart definert og samanhengande område, som inneholder geologisk verdifulle stader av regional og/eller nasjonal betydning. Sunnhordland Geopark omfattar kommunane Bømlo, Stord, Fitjar, Kvinnherad, Etne, Sveio, Tysnes, Austevoll. Moster Amfi er hovudportalen i området.

Sunnhordland Geopark har for 2020 søkt om midlar gjennom avdeling for Innovasjon og Nærings sine ordningar, og saka kjem opp i Hovudutval for Nærings 05.11.2020 (PS 60/2020).

Sunnhordland Geopark søker medlemskap i UNESCO Global Geopark Network hausten 2021. UNESCO Globale Geoparkar omfattar samanhengande geografiske område med stader og landskap av internasjonal geologisk verdi.

#### Nordhordland UNESCO Biosfære

Eit biosfæreområde er eit avgrensa geografisk modellområde der ein legg til rette for berekraftig utvikling. Målet er å oppnå ein meir berekraftig balanse mellom å ta vare på biologisk mangfold og naturressursar, fremje økonomisk utvikling og sikre ei god samfunnsutvikling ved samarbeid mellom lokalbefolkinga, det offentlege, næringslivet og forskingsinstitusjonar.

Nordhordland UNESCO Biosfæreområdet inkluderer kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy, Vaksdal og Øygarden. I tillegg er også deler av arealet til kommunane Vik, Høyanger, Voss, Askøy og Bergen teke med.

#### Nærøyfjorden Verdsarvpark

UNESCO oppmodar til identifisering av kultur- og naturarv som vert rekna til å ha ein framståande, universell verdi, og dei oppmodar vern av denne arva i heile verda. Dette er del av «Konvensjonen for vern av verda si kultur- og naturarv», ein avtale som vart vedteken av UNESCO i 1972.

Nærøyfjordområdet utgjer den sørlege av dei to delområda av verdsarven Vestnorsk Fjordlandskap. Parken har som føremål å vere pådrivar og støttespelar for ei natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen i Nærøyfjordområdet. Nærøyfjorden Verdsarvpark omfattar kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss.

#### **Finansiering av parksatsingane i Vestland**

Regionalparkane i Vestland er finansierte av staten og kommunane.

Statstilskotet til regionalparkar (post 81 på statsbudsjettet) går til [Norske Parker](#), ein landsdekkande nettverksorganisasjon for dei norske regionalparkane. Midlane skal gå til nasjonal koordinering og fellestiltak for norske regionalparkar. I tillegg fordelar Norske parkar opptil kr.500 000 i tilskot til dei 9 godkjende norske regionalparkane. Sognefjorden Kystpark og Nærøyfjorden Verdsarvpark er blant desse.

Kommunane har bidrøye med driftstilskot til regionalparkane i sine område.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for innovasjon og næring, har engasjert seg med personalressursar (styreverv) og arbeidsgruppe i utviklinga av Nordhordland UNESCO Biosfære Regionalparkane i Vestland har elles gjennomført ei behovskartlegging som er lagt ved saka. Både i høve Nordhordland UNESCO Biosfære, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Sunnhordland Geopark og HAFS- regionen, vert det etterlyst sterkare fylkeskommunalt engasjement med meir føreseielege økonomiske rammevilkår.

## **2. Vurdering**

### **Nasjonale føringer**

I Meld. St. 6 2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken*, innfører regjeringa "kulturmiljø" som samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap. Kulturmiljø vert definert som eit felles gode og ein viktig samfunnsressurs som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Fylkesutvalet i Hordaland (FU sak 2019/632-2) og fylkesutvalet i Sogn og Fjordane (FU sak 21833/19) leverte våren 2019 innspel til kulturminnemeldinga, der ein tok til orde for at kulturminne, kulturmiljø og landskap gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging skal medverke til berekraftig utvikling. Likeins at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap. Desse momenta er vektlagde tungt i meldinga.

### **Regionalparkar - planforankring i Vestland fylkeskommune**

I høyringsframlegget til ny regional planstrategi/utviklingsplan for Vestland heiter det i pkt. 2.5. Samarbeid for å nå måla:

«Vi må styrke samarbeidet mellom privat og offentleg sektor, frivilligkeit, kulturliv og innbyggjarar, og mellom ulike nivå innan offentleg forvaltning. Vi treng styrka kompetanse på samskaping, samarbeid, nettverksjobbing og partnarskap for å få til dette.»

På tilsvarende vis legg dei regionale kulturplanane for Hordaland og Sogn og Fjordane vekt på verdiskaping og kulturbasert samfunnsutvikling. I begge planane sitt handlingsprogram er samspelet mellom aktørar i lokalsamfunna, kommunane og fylkeskommunen grunnlaget for det meste av det utviklingsarbeidet det vert lagt opp til. Slik har den fylkeskommunale politikken etablert perspektiv på frivillig sektor som drivkraft i utviklinga av gode lokalsamfunn, kulturbasert næringsutvikling for å styrke verdiskapinga, gje auka attraktivitet og bulyst, samhandling mellom offentlege og private aktørar mv.

### **Etablering av ny ordning**

Etter fylkesrådmannen sin vurdering har Vestland fylke ein unik posisjon i regionalparksamanheng. Ingen andre fylke i Noreg har så mange parkar og parkmodellar som Vestland. Ein har difor forståing for at regionalparkane i Vestland etterlyser sterke regionalpolitisk engasjement og meir føreseielege økonomiske rammevilkår.

Med det store omfanget av parkar i Vestland, meiner fylkesrådmannen at Vestland fylkeskommune bør kunne ta eit medansvar for å byggje opp kompetanse og verkemidlar på dette feltet. I kulturarvsamanheng handlar dette ikkje om einskilde kulturobjekt, men om heile kulturmiljø. I verdiskapingsamanheng, handlar parkmodellane like mykje om sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping som økonomisk. Ei slik kompetansebygging vil vere fullt ut i tråd både med nasjonale kulturmiljømål og med regionale planar på kulturfeltet. Samstundes vil det bidra til ei meir tverssektorial tilnærming for å utvikle regionale satsingar i Vestland og bidra positivt til kunnskapsutvikling på området. Det vil også bidra til meir føreseielege rammer, samt høve til å vurdere regionalparksatsingane frå dei to tidlegare fylka Hordaland og Sogn og Fjordane under eitt. Sistnemnde vil gje moglegheit for ei likeverdig handsaming av regionalparkinitiativa i Vestland.

Skal ein kome parkane i møte, meiner fylkesrådmannen det er to forhold som bør vurderast:

- Tilskot til drift av parkane (solide driftsplattformer)
- Tilskot til utvikling av parkane

Fylkesrådmannen vil komme attende med ein nærmare vurdering av innretning på eit eventuelt tilskot. Etableringa av solide driftsplattformer vil kunne kombinere fylkeskommunalt og kommunalt eigarskap og styring (politikkutforming) med statleg økonomisk medverknad, på ein ryddig måte.

Når det gjeld utvikling av parkane, er dette særleg aktuelt i HAFS-regionen og Sunnhordland, men ulike utviklingstiltak ligg inne i alle regionalparkane sine ønskje. I praksis vil behov for utviklingstiltak vere størst i etableringsfasen (forprosjekt/hovudprosjekt), men kan også vere aktuelt for delprosjekt av meir kortvarig karakter.

Fylkesrådmannen foreslår som namn på den nye satsinga: Brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet. Då ordninga tematisk sett vil vere tverssektorial, må innretting av evt. tilskotsordningar og søknadshandsaminga basere seg på tett dialog mellom avdelingane innovasjon og næring og kultur, idrett og inkludering.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ei slik satsing treng førebuande arbeid og ikkje vil vere realistisk å finansiere før budsjettet for 2022.

### 3. Handsaming av HAFS-kommunane sin søknad

Søknaden er lagt ved saka, vart sendt inn utanom dei etablerte ordningane, direkte til avdeling for innovasjon og næring i desember 2019 og vidaresendt til avdeling for kultur, idrett og inkludering i februar 2020. Etter fleire møte med initiativtakarane, vart det klårt at Vestland fylkeskommune ikkje har utviklingsretta tilskotsordningar som matchar denne typen tverrsektorale initiativ i kommunane, sjølv om dei kan seiast å stø opp under regionalpolitiske mål på fleire felt.

Fylkeskommunale tilskot til kultur set til dømes som kriterium at søker skal ha eit tydeleg føremål innan kultur. Det same gjeld på næringsfeltet. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav i e-post datert 16.06.2020 uttrykk for dette: «Geopark-prosjektet er eit tiltak som fell i mellom mange av våre eksisterande ordningar, og det har gjort at det har «vandra» i vår organisasjon.»

I brev dagsett 04.09.2020 frå HAFS Regionråd blir følgjande veklagt:

«HAFS regionråd ber om at Vestland fylkeskommune engasjerer seg aktivt i vidareutvikling av parkar og parkinitiativ innanfor sine grenser, og slik bygger kompetanse og hentar erfaring frå tverrsektorelt utviklingsarbeid heilt frå eigne lokalsamfunn til nasjonale satsingar som Norske Parkar, Norske Geoparkar og internasjonale organisasjonar som UNESCO og Europarc Federation».

Fylkesrådmannen vurderer initiativet som interessant, men vil vise søkeren til oppfølginga av saka og etableringa av ei eiga satsing på regionalparkane. Fylkesrådmannen innstiller difor på at søknaden vert avslagen.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Økonomiske verknader vert å sjå i samanheng med budsjett for 2022.

**Klima:** Parkmodellane har sterke innslag av økologisk tenking og praksis.

**Folkehelse:** Parkane inviterer til friluftsliv og småskala reiseliv, og er ikkje av ein karakter som forureinar ytre miljø.

**Regional planstrategi:** Tiltaket er i tråd med høyningsframlegget til ny regional planstrategi for Vestland, Regional kulturplan i Hordaland og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane.

#### Konklusjon

Vestland fylke står i ei særstilling når det gjeld tal regionalparksatsingar og lokalt engasjement for å utvikle områda. Parkane representerer nye verdiskapingsmodellar, basert på FN sine berekraftsmål, økologi, identitetsforsterking og arbeidsprosessar på tvers av sektorar og fagdisiplinar.

Fylkesrådmannen meiner det er trøng for å bygge opp kompetanse og verkemidlar på regionalparkarbeid i Vestland, som kjem kommunane og lokalsamfunna sine behov i møte. Dette vil vere fullt ut i tråd både med nasjonale kulturmiljømål og med regionale planar på kulturfeltet. Det vil også bidra til ei meir tverrsektoriel tilnærming i utviklinga av regionale satsingar i Vestland og bidra positivt til kunnskapsutvikling på området.

Fylkesrådmannen vil vurdere eigen satsing for regionalparkane: Brei verdiskaping på kulturmiljøområdet. Ein vil kome attende med sak om nye ordningar både til drift og til utvikling av parkane.

Fylkesrådmannen innstiller på at søknaden frå HAFS-kommunane vert avslagen.